Seljord kommune

Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 15.12.2016
Møtetid: 09:00 – 18:00

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Eivind Skogheim	Medlem	AP
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Mona Helen Haugan	Medlem	AP
Edvard Mæland	Medlem	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Pia Camilla Robertsen	Medlem	H
Kristian Espeland	Medlem	KRF
John Olav Haugetuft	Medlem	SP
Marianne Vadder	Medlem	SP
Henry Mæland	Medlem	SP
Beate Marie Dahl Eide	Medlem	SP
Lars Bjaadal	Medlem	SP
Liv Grethe Ekre	Medlem	SP
Peter Fjågesund	Medlem	MDG
Margit Elise Karlsen	Medlem	V
Arvid Martin Vala	Medlem	FRP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	MEDL	H
Hanne Nordgaard	MEDL	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Tvitekkja	Hanne Nordgaard	AP
Roar Slinde	Solveig Sundbø Abrahamsen	H

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Kari Gro Espeland	Rådmann
Frid Berge	Kommunalsjef

Rolf Henning Jensen	Kommunalsjef
Ronde Schade	Kommunalsjef
Halgeir Brekke	Økonomisjef
Rita Andersen	Møtte for Trond Johnsen i sak 90/16

Merknad frå V. v/ Margit Karlsen Rinde om at innspel til planprogrammet ikkje var tatt med i protokollen.

Fylgjande vert ført som tillegg til protokollen frå kommunestyret 20.10.16.
I samband med forslag til planprogram for samfunnsdel til kommuneplan blei det i kommunestyret arbeida i grupper med innspel og merknader. Relevante innspel blei bearbeida og implementert i forslaget som no ligg ute til offentleg ettersyn. Kommunestyret får saka attende for endeleg vedtak av planprogram på nyåret.

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan	Henry Mæland

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 17/16	Prosjekt VandreTelemark søker om midlar til drift 2017	
RS 18/16	Visit Telemark AS - Finansiering av basistenester	
	Saker til handsaming	
PS 88/16	Godkjenning protokoll frå forrige møte	
PS 89/16	Tilbodskonkuranse om langtids- leigekontrakt for nye lokale for Seljord Bibliotek	
PS 90/16	Seljord Næringshage AS - søknad om tilskot til utviklingsprosjekt	
PS 91/16	Seljord Idrettslag - Søknad om stønad til renovering av garderobebygg på Eventyrøy og til bygging av garasje på Raudkleiv.	
PS 92/16	Anbodskonkurranse nytt bibliotek	
PS 93/16	Notodden kommune - Søknad om økonomisk bidrag til Notodden Lufthavn	
PS 94/16	FAU Seljord barneskule - Ber om utviding av opningstider ved Seljord symjehall	
PS 95/16	Søknad om midlar - Ungt entreprenørskap i Telemark	
PS 96/16	Aasmundsen Bakeri - Søknad om utviklingsstøtte	
PS 97/16	Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan med kommentarar 2017 - 2020	
PS 98/16	Høyringssvar Konepstvalgutredning E 134 Gvammen - Vågslid	
PS 99/16	Forliksråd 2017 - 2020, val av nytt medlem	
PS 100/16	Møtefullmektig i forliksrådet, val for perioden 2017 - 2020	
PS 101/16	Møteplan for formannskap og kommunestyre 2017	
PS 102/16	Delegasjonsreglement - fullmakt til sal av tilleggsareal	
PS 103/16	Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim - Omprioritering av tiltaksliste Gvammen-Århus	
PS 104/16	Fv 503 Nye Dyrland bru - detaljregulering - slutthandsaming	
PS 105/16	NVE - Høyring - Regulering av Seljordsvatnet - Sundsbarmreguleringen	
PS 106/16	125/60 - Åmotsdalsvegen 1305 - Sal av kommunal bustadeigedom	
PS 107/16	Selskapsavtale for Vest-Telemark pedagogisk-psykologisk tenesste IKS	
PS 108/16	Finansforvaltninga - Rapportering, kontroll og risikovurderingar	

PS 109/16 Offentleg støtte - tildeling frå Seljord kommune

PS 110/16 Val av setteordførar

Referatsaker

RS 17/16 Prosjekt VandreTelemark søker om midlar til drift 2017

RS 18/16 Visit Telemark AS - Finansiering av basistenester

Saker til handsaming

PS 88/16 Godkjenning protokoll frå forrige møte

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Merknad frå V. v/ Margit Karlsen Rinde om at innspel til planprogrammet ikkje var tatt med i protokollen.

Fylgjande vert ført som tillegg til protokollen frå kommunestyret 20.10.16.
I samband med forslag til planprogram for samfunnsdel til kommuneplan blei det i kommunestyret arbeida i grupper med innspel og merknader. Relevante innspel blei bearbeida og implementert i forslaget som no ligg ute til offentleg ettersyn. Kommunestyret får saka attende for endeleg vedtak av planprogram på nyåret.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Protokoll frå forrige møte godkjent med merknad.

PS 89/16 Tilbodskonkuranse om langtids- leigekontrakt for nye lokale for Seljord Bibliotek

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak for å handsame saka om utroping av vinnar av konkurransen om langtids- leigekontrakt for Seljord Bibliotek:
Handsaming av saka i kommunestyret skal gå for lukka dører jamfør kom.l. § 31 nr. 5, jfr. Off.l. § 23, 3. ledd *(anbudsdokumenter kan unntas offentlighet inntil vedtak om leverandør er gjort)*
Alle sider av kvart tilbod inkl. løysningar for lokale/ pris /fordelar og ulemper blir presentert for kommunestyrets medlemmer etter lukking, slik at tilboda kan vurderast opp mot tildelingskriteria og det utropast ein vinnar i form av vedtak.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Kristian Espeland vart erklært inhabil i saka.
Kommunestyret vart lukka jamfør kom.l. § 31 nr. 5, jfr. Off.l. § 23, 3. ledd

Det vart røysta over om saka skulle stoppast på grunn av kommunen sin økonomiske situasjon. MDG og Frp røysta for å stoppe saka.

Det vart fatta fylgjande vedtak:
Kommunestyret utropar Granvin Kulturhus som vinnar av anbodskonkurransen.
Grunngjeving for vedtaket går fram av protokoll for val av tilbydar.

Samrøystes vedteke med 20 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret utropar Granvin Kulturhus som vinnar av anbodskonkurransen.
Grunngjeving for vedtaket går fram av protokoll for val av tilbydar.

PS 90/16 Seljord Næringshage AS - søknad om tilskot til utviklingsprosjekt

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyre til å gjere følgjande vedtak:

Seljord kommune støttar ikkje søknaden frå Seljord Næringshage om finansiering av Utviklingsprosjekt for eit levande næringshagemiljø, nyetableringar og fleire arbeidsplassar i Seljord. Dette vert grunngjeve med at kommunen har få frie midlar som kan nyttast til å støtte eksterne prosjekt, kommunen finn det derfor rett å heller nytte eigne ressursar og tidlegare inngåtte avtaler for å ivareta dei områda som prosjektet fokuserer på.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Framlegg frå H og Ap v/ Halfdan Haugan

Seljord kommune støttar søknaden frå Seljord Næringshage om finansiering av Utviklingsprosjekt for eit levande næringshagemiljø, nyetableringar og fleire arbeidsplassar i Seljord med kr 500.000 i 2017.
Seljord kommune oppfordrar Seljord Næringshage til å søkje Telemark Fylkeskommune om utviklingsmidlar til denne satsinga.
Løyvinga vert dekt frå disposisjonsfond.

Framlegget frå H og Ap vart vedteke med 4 mot 3 røyster, Sp. og V. røysta i mot.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune støttar søknaden frå Seljord Næringshage om finansiering av Utviklingsprosjekt for eit levande næringshagemiljø, nyetableringar og fleire arbeidsplassar i Seljord med kr 500.000 i 2017.
Seljord kommune oppfordrar Seljord Næringshage til å søkje Telemark Fylkeskommune om utviklingsmidlar til denne satsinga.
Løyvinga vert dekt frå disposisjonsfond.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Lars Bjådal hadde permisjon i denne saka
Trond Johnsen vart erklært inhabil. Rita Andersen møtte for Trond Johnsen.

Framlegg frå Ap., Krf og H v/ Edvard Mæland:
Tillegg til formannskapet sitt vedtak:
Seljord kommune ber om å få halvårig statusrapport frå prosjektet. Det forutsetjas at det arbeidas i samarbeid med Seljord kommune

Framlegg frå SP., V. og MDG v/ Henry Mæland:
Kommunen ønsker å støtte drift/oppstart av næringshagen og at støtte må skje med bakgrunn i ei samarbeidsavtale/ partnarskapsavtale. Slik avtale vil gje forutsigbarhet for næringshagen og at støttebeløp frå kommunen kan innarbeidast i det ordinære kommunebudsjettet. For 2017 set vi av kr 300 000 i budsjettet til dette føremålet. Dei oppgåver som er omtala i søknaden meiner vi har karakter av ordinære driftsoppgåver

for ein næringshage. Oppgåvene bør nøye avklarast i høve til verksemda til Møtestad Seljord og andre lokale utviklingsaktørar for å unngå overlappande arbeid.

Formannskapet sitt framlegg med tillegget frå Ap. H. og Krf fekk 13 røyster
Framlegget frå SP. V. og MDG fekk 7 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune støttar søknaden frå Seljord Næringshage om finansiering av Utviklingsprosjekt for eit levande næringshagemiljø, nyetableringar og fleire arbeidsplassar i Seljord med kr 500.000 i 2017.
Seljord kommune oppfordrar Seljord Næringshage til å søkje Telemark Fylkeskommune om utviklingsmidlar til denne satsinga.
Løyvinga vert dekt frå disposisjonsfond.
Seljord kommune ber om å få halvårig statusrapport frå prosjektet. Det forutsetjas at det arbeidas i samarbeid med Seljord kommune

PS 91/16 Seljord Idrettslag - Søknad om stønad til renovering av garderobebygg på Eventyrøy og til bygging av garasje på Raudkleiv.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår Kommunestyret til å fatte følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver ikkje midlar til Seljord idrettslag for den planlagde opprustinga av garderobeanlegg på Eventyrøy eller til bygging av garasje i Raudkleiv for løypemaskin i 2017. Grunnen til avslaget er at kommunen ikkje har frie midlar som kan prioriterast til idrettslaget si store utbygging.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Framlegg frå Ap og H v/ Gunnar Eilefstjønn

Seljord kommune etablerar ei bruksavtale med Seljord Idrettslag som gjev Seljord kommune rett til å benytte idrettsanlegget på Eventyrøy.
Det etablerast ei 5 årig avtale (2017-2021) der Seljord kommune betalar kr 200.000 pr år i denne perioden. Dei 5 fyrste åra er å sjå på som invisterigsperiode og etter endt periode reforhandlast avtala der årsbeløpet reduserast.
Inndekning i 2017 er Disposisjonsfond

Framlegget frå H og Ap vart vedteke med 4 mot 3 røyster, Sp. og V. røysta i mot.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune etablerar ei bruksavtale med Seljord Idrettslag som gjev Seljord kommune rett til å benytte idrettsanlegget på Eventyrøy.
Det etablerast ei 5 årig avtale (2017-2021) der Seljord kommune betalar kr 200.000 pr år i denne perioden. Dei 5 fyrste åra er å sjå på som invisterigsperiode og etter endt periode reforhandlast avtala der årsbeløpet reduserast.
Inndekning i 2017 er Disposisjonsfond

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Gunnar Eilefstjønn sin habiliet vart vurdert. Kommunestyret vedtok samrøystes er Gunnar Eilefstjønn var habil i saka.

Framlegg frå H., Krf. og Ap v/ Trond Johnsen:
Seljord kommune løyver kr 800 000 til Seljord Idrettslag for den planlagde opprustinga av garderobeanlegget på Eventyrøy og Garasjeanlegg på Raudkleiv i 2017. Løvinga vert dekt frå disposisjonsfond.

Administrasjonen forhandlar fram ei bruksavtale for Eventyrøy saman med Seljord Idrettslag, og kjem tilbake med ei sak om dette til kommunestyre i 2017.

Framlegg frå V., MDG og Sp. v/ Lars Bjådal:
Seljord kommune ynskjer å utarbeide ei samarbeidsavtale som inneber ein årleg kompensasjon for skulane og ålmenta sin bruk av idrettsanlegget.
Inndekning kr 200 000 vert teke av disposisjonsfond.

Framlegget frå H. Krf og Ap fekk 12 røyster
Framlegget frå V. MDG og Sp fekk 9 røyster, i tillegg til forslagsstillar røysta Frp for framlegget.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune løyver kr 800 000 til Seljord Idrettslag for den planlagde opprustinga av garderobeanlegget på Eventyrøy og Garasjeanlegg på Raudkleiv i 2017. Løvinga vert dekt frå disposisjonsfond.

Administrasjonen forhandlar fram ei bruksavtale for Eventyrøy saman med Seljord Idrettslag, og kjem tilbake med ei sak om dette til kommunestyre i 2017.

PS 92/16 Anbodskonkurranse nytt bibliotek

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å ikkje gå vidare i saka om leige av lokale til nytt bibliotek på grunn av kommunen sin økonomiske situasjonen.
Aktuelle tilbydarar vert informert om formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Fellesforslag frå AP, H, SP og V:
Ut frå ny saksinformasjon tilrår formannskapet kommunestyret å gå vidare med planar for nytt bibliotek på Granvin kulturhus.

Fellesforslag frå AP, H, SP og V blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Ut frå ny saksinformasjon tilrår formannskapet kommunestyret å gå vidare med planar for nytt bibliotek på Granvin kulturhus.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Lars Bjådal hadde permisjon under denne saka.

Framlegg frå Ap., Krf og H v/Jon Svartdal:
Kommunestyret avviser saka og syner til sak 89/16.
Innbyggjarinitiativet er diskutert og tatt med i gjennomføring av vedtaket i sak 89/16.

Samrøystes vedteke med 20 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret avviser saka og syner til sak 89/16.
Innbyggjarinitiativet er diskutert og tatt med i gjennomføring av vedtaket i sak 89/16.

PS 93/16 Notodden kommune - Søknad om økonomisk bidrag til Notodden Lufthavn

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret å fatte følgjande vedtak;
Seljord kommune kan ikkje bidra med kr 200.000 til Notodden Lufthavn As slik Notodden kommune har søkt om. Grunnen til dette er at Seljord kommune ikkje kan prioritere dei få frie midlane kommunen disponerer til slik støtte utanfor kommunen.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune kan ikkje bidra med kr 200.000 til Notodden Lufthavn As slik Notodden kommune har søkt om. Grunnen til dette er at Seljord kommune ikkje kan prioritere dei få frie midlane kommunen disponerer til slik støtte utanfor kommunen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune kan ikkje bidra med kr 200.000 til Notodden Lufthavn As slik Notodden kommune har søkt om. Grunnen til dette er at Seljord kommune ikkje kan prioritere dei få frie midlane kommunen disponerer til slik støtte utanfor kommunen.

PS 94/16 FAU Seljord barneskule - Ber om utviding av opningstider ved Seljord symjehall

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår Kommunestyret til å fatte følgjande vedtak;

Seljord kommune utvidar ikkje opningstidene til symjehall med 3-4 veker på hausten, dette vert grunngjeve med at kommunen har lite frie driftsmidlar og at for skulane – som er største brukarar, er gjeldande opningstid på nesten 6 månader pr. år tilfredsstillande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune utvidar ikkje opningstidene til symjehall med 3-4 veker på hausten, dette vert grunngjeve med at kommunen har lite frie driftsmidlar og at for skulane – som er største brukarar, er gjeldande opningstid på nesten 6 månader pr. år tilfredsstillande.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune utvidar ikkje opningstidene til symjehall med 3-4 veker på hausten, dette vert grunngjeve med at kommunen har lite frie driftsmidlar og at for skulane – som er største brukarar, er gjeldande opningstid på nesten 6 månader pr. år tilfredsstillande.

PS 95/16 Søknad om midlar - Ungt entreprenørskap i Telemark

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune er positive til arbeidet til UE Telemark, men meiner finansieringa av Ungt entreprenørskap bør skje gjennom Telemark fylkeskommune og at arbeidet i hovudsak bør vere retta mot elevane i den vidaregåande skulen.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune er positive til arbeidet til UE Telemark, men meiner finansieringa av Ungt entreprenørskap bør skje gjennom Telemark fylkeskommune og at arbeidet i hovudsak bør vere retta mot elevane i den vidaregåande skulen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå Ap., Krf. og H. v/ Edvard Mæland:
Seljord kommune er positive til arbeidet til UE Telemark. Kommunestyret visar til behandling i budsjettet og kjem tilbake til eventuell medfinansiering på eit seinare tidspunkt.

Framlegget frå Ap., Krf. og H. vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune er positive til arbeidet til UE Telemark. Kommunestyret visar til behandling i budsjettet og kjem tilbake til eventuell medfinansiering på eit seinare tidspunkt.

PS 96/16 Aasmundsen Bakeri - Søknad om utviklingsstøtte

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune løyver kr 250.000,- til Nærbakst AS for å sikre at Aasmundsens Bakeri AS blir verande i Seljord kommune. Dette føreset at Nærbakst AS/Aasmundsen Bakeri AS kjøper lokalane i Åsanvegen og startar å ruste dei opp. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond for 2017.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Framlegg frå Sp v/ Henry Mæland:

Tillegg til rådmannen si tilråding:

Formannskapet ber kommunestyret om å vurdere ytterlegare støtte.

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune løyver kr 250.000,- til Nærbakst AS for å sikre at Aasmundsens Bakeri AS blir verande i Seljord kommune. Dette føreset at Nærbakst AS/Aasmundsen Bakeri AS kjøper lokalane i Åsanvegen og startar å ruste dei opp. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond for 2017.
Formannskapet ber kommunestyret om å vurdere ytterlegare støtte.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå H., Krf. og Ap. v/ Halfdan Haugan:
Kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak og vel å ikkje gje ytterlegare støtte til Åsmundsen bakeri på bakgrunn om signal om støtte frå TUF.

Framlegg frå V., MDG og Sp. v/ Henry Mæland:
I tillegg til ei løyving på kr. 250 000 frå næringsfond får formannskapet i fullmakt å løyve inntil kr. 250 000 av disposisjonsfondet dersom søknaden til TUF ikkje blir imøtekomen fullt ut.

Framlegget frå V., MDG og Sp. vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

I tillegg til ei løyving på kr. 250 000 frå næringsfond får formannskapet i fullmakt å løyve inntil kr. 250 000 av disposisjonsfondet dersom søknaden til TUF ikkje blir imøtekomen fullt ut.

PS 97/16 Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan med kommentarar 2017 - 2020

Innkomne merknader og innspel:

Framlegg til Handlingsprogram 2017 - 2020 har jamfør Pbl.§11-4 vært til offentleg ettersyn i 30 dagar.
I høyringsperioden har budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018 vert til politisk handsaming i formannskapet. Budsjett og økonomiplan med formannskapet si tilråding til kommunestyret vart lagt ut til offentleg ettersyn, og det har kome innspel og merknader frå fleire instansar, hovudsakleg i høve til budsjett og økonomiplan, men også nokre kommentarar i høve til handlingsprogrammet.

Hovudpunkta er lagt inn i tabellen under, innspela fylgjer i sin heilskap som vedlegg til denne saka.

Innspela til budsjett og økonomiplan er gjeve med utgangspunkt i formannskapet si tilråding til kommunestyret i sak 106/16:

Forslagsstillar	**Innspel/ merknad**	**Rådmannen sin kommentar**
Norsk sjukepleieforbund, Seljord kommune, v / HTV Marit Samland	NSF peikar på at formannskapet sitt framlegg vil gå utover kvaliteten på tenestene og at det ikkje gjev rom for gode prosessar. Å gå på akkord med kompetanse og kvalitet på tenestene vil også kunne få konsekvensar for å rekruttere og behalde tilsette. Samhandlingsreforma har ført til at kommunen har ansvar for å halde fram behandling som har starta på sjukehus og som ofte både er tidkrevjande og krav høg kompetanse. Seljord kommune har 90% utnytting av øyeblikkeleg hjelp plassen, dette er høgt samanlikna med andre kommunar.	Seljord kommune må forhalde seg til gjeldande avtaleverk og lokale retningsliner for omstilling når det er planlagde endringar i organisasjonen. Det vil vera vanskeleg for arbeidsgjevar å ha gode prosessar med HTV og verneteneste og samstundes oppnå ei innsparing på 1% i 2017.

Fagforbundet v/ HTV Vigdis Øverland	Naudsynt å ikkje redusere bemanninga innan PO3 pga. få sjukeheimsplassar og dermed dårlege pasientar. Reduksjon i pleiefaktoren kan føre til auka sjukefråvær. Effektivitetsanalysa er feil og bør derfor ikkje ligge til grun for reduksjon i talet på tilsette. Seniortillegget kan ikkje fjernast då dette er ei framforhandla avtale.	Administrasjonen arbeider med å finne faktagrunnlaget og forklaringar på effektivitetsanalysa. KS er blitt bedt om å vurdere om seniortillegget kan takas frå dei som alt har fått det, eller om dette berre kan omfatta dei som er i målgruppa etter at vedtaket er fatta.
Samarbeidsutvalet i Tussejuv barnehage	SU understrekar at vikarsituasjonen i barnehagen er krevjande og stabil bemanning er viktig. Samarbeidsutvalet støttar fleire språkpraksisplassar fullt ut og tenker at det vil vera eit "vinn, vinn" prosjekt. Behov for leikeutstyr og andre vedlikehaldsoppgåver	Det vil bli utarbeidd ny bemanningsplan i 2017 Det er ikkje tatt høgde for ekstra ressursar til språkpraksisplassar. Det er ikkje funne rom for leikeapparat og ekstra vedlikehald innan for budsjettramma.
Flatdal barnehage Heddeli barnehage	Behov for leikeapparat og nytt gjerde	Innspela er omtala under tiltak utanfor ramma.
Heddeli barnehage v/ samarbeidsutvalet	Behov for nytt leikeapparat. Meir lagerplass Språkpraksisplass kjøkken	Innspela er omtala under tiltak utanfor ramma.
Flatdal barnehage v/ samarbeidsutvalet	Behov for nytt leikeapparat. Flatdal barnehage er ikkje eigna for språkpraksisplass kjøkken Behov for nytt gjerde	Innspela er omtala under tiltak utanfor ramma.
Utdanningsforbundet v/ HTV Bente Vogsland	For Utdanningsforbundet ser det ikkje ut til at ein kan ta bort seniortillegg for dei som allereie har det. Det er i dag stor slitasje på skuleleiarane, og dei bør få ein betre arbeidssituasjon. Det er viktig for dei som er i jobben i dag, men også for å gjere slike jobbar attraktive slik at folk vil ha dei.	Syner til tidlegare kommentar når det gjeld Det er ynskjeleg å styrke leiarfunksjonen i skulane, men det er ikkje funne rom for å finansiere eit slikt tiltak.

	Kontaktlærarfunksjon i vaksenopplæringa. Opplæring framandspråklege Vikarar i barnehagen	
FAU Seljord barneskule	Behov for kr 95 000 meir til lærebøker	Syner til formannskapet si tilråding om auka budsjett til skulebøker

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å fatte fylgjande vedtak:

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2017 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.
I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2017 – 2020.

2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten.
Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune vedtatt av kommunestyret 13.12.2012. skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jamfør eigedomsskattelova §10.
Det er tre terminar for betaling av eigedomsskatt jamfør eigedomsskattelova § 25.

3. Nytt låneopptak i 2017 kr 29.495.000 mill. (i tillegg kjem bruk av unytta lånemidlar kr 11.351.000). Lånegjelda vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 32 år.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av budsjettering 2A og 2B. Sum investeringstiltak (inkl. utlån, andelar og avsetjingar) er i 2017 kr 58.718.000.

5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema 1A og 1B.

6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Sak 106/16
Framlegg frå Ap og H:
Det forventast ei effektivisering på drifta av Seljord kommune på 1% i 2017 og at Rådmann ser på dei ulike avdelingar innom alle Programområde. Det å organisere drifta på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte er ei overordna målsetjing med mest mogleg produksjon av tenester og mindre administrasjon.

Vedteke med 4 mot 3 røyster

Innsparing PO1 (kr 250.000), innsparing PO3 (kr 600.000) og opphøyr av seniortillegg (kr 250 000) inngår i forventa effektivisering på 1%.

Samrøystes vedteke

PO3 Vidareutvikling av demensteam blir lagt inn med kr 213.000 (2.3.3.) – dekkast i ramma

Samrøystes vedteke

Framlegg frå V og Sp.:
Småskulen i Seljord har fri på torsdagar. På Flatdal skule er det ikkje SFO tilbod på torsdagar. På grunn av dette meiner vi at Seljord kommune legg opp til ein deltidskultur som i særleg grad råkar kvinner. For å råde bot på dette bed Formannskapet oom at Rådmannen kostnadsbereknar SFO for Flatdal skule og innarbeider desse kostnadane i budsjettet frå august 2017. Parallelt med dette ber Formannskapet Rådmannen om å utgreie dei økonomiske og faglege konsekvensane av 5- dagars skuleveke for barneskulen i heile kommunen.

Samrøystes vedteke

Utgreiing og kostnadsberekning av eit prøveprosjekt skal leggjast fram for kommunestyret i løpet av 1. kvartal 2017 med sikte på å kunne tilby skulemat i heile grunnskulen i Seljord kommune frå januar 2018. I samband med dette bed Formannskapet om at Rådmannen synleggjer økonomisk handlingsrom for å finansiere skulemattilbodet.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ap og H for budsjett 2017

Framlegg	Finansiering Disp. fond	Sp og V	Ap og H	Avrøysting
Seljord Næringshage	Kr. 500 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Seljord Idrettslag	Kr. 200 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Prosjektleiar (søkolog)	Kr. 700 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Lærebøker til barneskulen	Kr. 50 000	3	4	Samrøystes vedteke
IT-utstyr skulen	Kr. 100 000	3	4	Samrøystes vedteke
Møtestad Seljord	Kr. 100 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Vedlikehald kommunale vegar	Kr. 100 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Elektronisk fakturaflyt	Kr. 187 000	3	4	Samrøystes vedteke

Framlegg frå Ap og H for økonomiplanperioden 2018 – 2020

Framlegg	Finansiering	Sp og	Ap og	Avrøysting

	Disp. fond	V	H	
Seljord Idrettslag	Kr 200 000 årleg		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster

Framlegg frå Sp og V for budsjett 2017

Framlegg	Finansiering	Sp og V	Ap og H	Avrøysting
Fjerne seniortillegg	Kr. 250 000	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 1	Kr. 250 000	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (red. pleiefaktor)	Kr. 600 000	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (redusere med ein turnuslege)	Kr 150 000	3		Fall mot 4 røyster
Utgifter PO 4 Bibliotek vert dekt av auka realvekst	Kr. 300 000	3		Fall mot 4 røyster
Utgifter PO2 Skule	Kr. 350 000	3		Fall mot 4 røyster
Utgifter PO4 Tilskot til lag og organisasjonar	Kr. 200 000	3		Fall mot 4 røyster
Utgifter PO4 Styrking næringsfond	Kr. 200 000	3		Fall mot 4 røyster

Framlegg frå Sp og V for økonomiplanperioden 2018 – 2020

Framlegg	Finansiering	Sp og V	Ap og H	Avrøysting
Auka realvekst frå 0,33 til 0,67	2018 600.000, 2019 1,1 mill. 2020 1,8 mill.	3	4	Samrøystes vedteke
Fjerne seniortillegg	Kr 250 000 per år	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 1	Kr 250 000 per år	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (red. pleiefaktor)	2018 1,2 mill. 2019 1,8 mill. 2020 2,5 mill.	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (redusere med ein turnuslege)	Kr. 350 000 årleg	3		Fall mot 4 røyster
Bibliotek vert dekt av auka realvekst	Kr. 600 000 årleg	3		Fall mot 4 røyster

Oppsummering av formannskapet sine endringar i høve til rådmannen sitt budsjettframlegg:

Formannskapets endringar (i driftsbudsjettet):	PO/Ansvar	2017	2018	2019	2020	Sum
1 % effektivisering av drifta kr 2.716.000 1)	PO 1-5	-1 616 000	0	0	0	-1 616 000
Bortfall seniortillegg	PO 1-5	-250 000	0	0	0	-250 000
Innsparing PO 1	PO 1	-250 000	0	0	0	-250 000
Prosjektleiar (søkolog)	PO 1	700 000	0	0	0	700 000
Lærebøker til barneskulen	PO 2	50 000	0	0	0	50 000
Innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor)	PO 3	-600 000	-600 000	-1 200 000	-1 900 000	-4 300 000
Seljord Næringshage	PO 4	500 000	0	0	0	500 000
Møtestad Seljord	PO 4	100 000	0	0	0	100 000
Bruksavtale for Eventyrøy med Seljord idrettslag, 2017-2021	PO 4	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Vedlikehald kommunale vegar (kantslått)	PO 5	100 000	0	0	0	100 000
0,67 % realvekst i frie inntekter (opp frå 0,33 %)	Ansvar 180	0	-600 000	-1 100 000	-1 800 000	-3 500 000
Effekt på netto driftsresultat (betring)		**-1 066 000**	**-1 000 000**	**-2 100 000**	**-3 500 000**	**-7 666 000**
Betringa av netto driftsresultat vert sett av til disposisjonsfondet	**Ansvar 190**	**1 066 000**	**1 000 000**	**2 100 000**	**3 500 000**	**7 666 000**
Budsjettbalanse		**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

1) Ekskl. bortfall seniortillegg, innsparing PO 1 og innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor) 2017-nivået på kr 600.000, desse inngår i kr 2,716 mill.

Formannskapets innstilling om effektivisering på kr 2,716 mill i 2017 vert "omgjort" til rådmannens framlegg om å redusere driftsutgiftene med kr 2,5 mill. fom. 2018.

Innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor) på kr 600.000 i 2017 inngår i rådmannens kr 2,5 mill. fom. 2018, men vert i tillegg auka med kr 0,6 mill i 2018 (til kr 1,2 mill.) og ytterlegare kr 0,6 mill. i 2019 (til kr 1,8 mill.) og ytterlegare kr 0,7 mill. i 2020 (til kr 2,5 mill.).

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Det forventast ei effektivisering på drifta av Seljord kommune på 1% i 2017 og at Rådmann ser på dei ulike avdelingar innom alle Programområde. Det å organisere drifta på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte er ei overordna målsetjing med mest mogleg produksjon av tenester og mindre administrasjon.

Vedteke med 4 mot 3 røyster

Innsparing PO1 (kr 250.000), innsparing PO3 (kr 600.000) og opphøyr av seniortillegg (kr 250 000) inngår i forventa effektivisering på 1%.

PO3 Vidareutvikling av demensteam blir lagt inn med kr 213.000 (2.3.3.) – dekkast i ramma

Småskulen i Seljord har fri på torsdagar. På Flatdal skule er det ikkje SFO tilbod på torsdagar. På grunn av dette meiner vi at Seljord kommune legg opp til ein deltidskultur som i særleg grad råkar kvinner. For å råde bot på dette bed Formannskapet oom at Rådmannen kostnadsbereknar SFO for Flatdal skule og innarbeider desse kostnadane i budsjettet frå august 2017. Parallelt med dette ber Formannskapet Rådmannen om å utgreie dei økonomiske og faglege konsekvensane av 5- dagars skuleveke for barneskulen i heile kommunen.

Utgreiing og kostnadsberekning av eit prøveprosjekt skal leggjast fram for kommunestyret i løpet av 1. kvartal 2017 med sikte på å kunne tilby skulemat i heile grunnskulen i Seljord kommune frå januar 2018. I samband med dette bed Formannskapet om at Rådmannen synleggjer økonomisk handlingsrom for å finansiere skulemattilbodet.

Framlegg	Finansiering Disp. fond	Sp og V	Ap og H	Avrøysting
Seljord Næringshage	Kr. 500 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Seljord Idrettslag	Kr. 200 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Prosjektleiar (søkolog)	Kr. 700 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster

Lærebøker til barneskulen	Kr. 50 000	3	4	Samrøystes vedteke
IT-utstyr skulen	Kr. 100 000	3	4	Samrøystes vedteke
Møtestad Seljord	Kr. 100 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Vedlikehald kommunale vegar	Kr. 100 000		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Elektronisk fakturaflyt	Kr. 187 000	3	4	Samrøystes vedteke
Seljord Idrettslag	Kr 200 000 årleg		4	Vedteke med 4 mot 3 røyster
Fjerne seniortillegg	Kr. 250 000	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 1	Kr. 250 000	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (red. pleiefaktor)	Kr. 600 000	3	4	Samrøystes vedteke
Auka realvekst frå 0,33 til 0,67	2018 600.000, 2019 1,1 mill. 2020 1,8 mill.	3	4	Samrøystes vedteke
Fjerne seniortillegg	Kr 250 000 per år	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 1	Kr 250 000 per år	3	4	Samrøystes vedteke
Innsparing PO 3 (red. pleiefaktor)	2018 1,2 mill. 2019 1,8 mill. 2020 2,5 mill.	3	4	Samrøystes vedteke

Oppsummering av formannskapet sine endringar i høve til rådmannen sitt buds jettframlegg:

Formannskapets endringar (i driftsbudsjettet):	PO/Ansvar	2017	2018	2019	2020	Sum
1 % effektivisering av drifta kr 2.716.000 1)	PO 1-5	-1 616 000	0	0	0	-1 616 000
Bortfall seniortillegg	PO 1-5	-250 000	0	0	0	-250 000
Innsparing PO 1	PO 1	-250 000	0	0	0	-250 000
Prosjektleiar (søkolog)	PO 1	700 000	0	0	0	700 000
Lærebøker til barneskulen	PO 2	50 000	0	0	0	50 000
Innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor)	PO 3	-600 000	-600 000	-1 200 000	-1 900 000	-4 300 000
Seljord Næringshage	PO 4	500 000	0	0	0	500 000
Møtestad Seljord	PO 4	100 000	0	0	0	100 000
Bruksavtale for Eventyrøy med Seljord idrettslag, 2017-2021	PO 4	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Vedlikehald kommunale vegar (kantslått)	PO 5	100 000	0	0	0	100 000
0,67 % realvekst i frie inntekter (opp frå 0,33 %)	Ansvar 180	0	-600 000	-1 100 000	-1 800 000	-3 500 000
Effekt på netto driftsresultat (betring)		**-1 066 000**	**-1 000 000**	**-2 100 000**	**-3 500 000**	**-7 666 000**
Betringa av netto driftsresultat vert sett av til disposisjonsfondet	**Ansvar 190**	**1 066 000**	**1 000 000**	**2 100 000**	**3 500 000**	**7 666 000**
Budsjettbalanse		**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

1) Ekskl. bortfall seniortillegg, innsparing PO 1 og innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor) 2017-nivået på kr 600.000, desse inngår i kr 2,716 mill.

Formannskapets innstilling om effektivisering på kr 2,716 mill i 2017 vert "omgjort" til rådmannens framlegg om å redusere driftsutgiftene med kr 2,5 mill. fom. 2018.

Innsparing PO 3 (redusere pleiefaktor) på kr 600.000 i 2017 inngår i rådmannens kr 2,5 mill. fom. 2018, men vert i tillegg auka med kr 0,6 mill i 2018 (til kr 1,2 mill.) og ytterlegare kr 0,6 mill. i 2019 (til kr 1,8 mill.) og ytterlegare kr 0,7 mill. i 2020 (til kr 2,5 mill.).

Handsaming i Eldreråd - 05.12.2016

Samrøystes vedteke

Vedtak i Eldreråd - 05.12.2016

Eldrerådet ser med uro på formannskapet sitt forslag om å pålegge sjukeheimen å spare kr. 600 000 allereie i 2017, utan at ein på førehand har hatt tid til å vurdera grundig kva konsekvensar dette får for pasientane og dei tilsette. Det er mange dårlege pasientar på sjukeheimen i Seljord og kommunen har få sjukeheimsplassar i høve til folketal og samanlikna med nabokommunar. Samhandlingsreforma har også ført til at pasientar skrivast mykje tidlegare ut frå sjukehus enn før, utan at det fylgjer pengar med frå staten. Mange rehabiliteringsinstitusjonar er lagde ned, noko som betyr at fleire treng rehabiliteringsopphald på sjukeheimen m.a. etter større operasjonar, og før dei er i stand til å flytte heim att.
Kommuneadministrasjonen må gjere ei grundig og forsvarleg vurdering av kva mogelegheiter som ligg føre.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2016

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2016

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ser med uro på formannskapet sitt forslag om å pålegge sjukeheimen å spare kr. 600 000 allereie i 2017, utan at ein på førehand har hatt tid til å vurdera grundig kva konsekvensar dette får for pasientane og dei tilsette. Det er mange dårlege pasientar på sjukeheimen i Seljord og kommunen har få sjukeheimsplassar i høve til folketal og samanlikna med nabokommunar. Samhandlingsreforma har også ført til at pasientar skrivast mykje tidlegare ut frå sjukehus enn før, utan at det fylgjer pengar med frå staten. Mange rehabiliteringsinstitusjonar er lagde ned, noko som betyr at fleire treng rehabiliteringsopphald på sjukeheimen m.a. etter større operasjonar, og før dei er i stand til å flytte heim att.
Kommuneadministrasjonen må gjere ei grundig og forsvarleg vurdering av kva mogelegheiter som ligg føre.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 07.12.2016

Rådmann gjorde greie for rådmannens framlegg til budsjett og økonomiplan 2017-2020 og formannskapets budsjettvedtak (sak 2016/1918-1).

Formannskapet går inn for innsparing og effektivisering på drifta av Seljord kommune på 1 % allereie i 2017 (ca. kr 2.750.000,-), der opphør av seniortillegg inngår i forventa effektivisering. Det er også konkret innsparingsforslag på PO3, der pleiefaktor reduserast med eit beløp tilsvarande om lag 4 årsverk (kr 600.000,- per år) i økonomiplanperioden, samt innsparing på PO1 med kr 250.000,-.

AMU drøfta om det er lov å fjerne seniortillegg, med bakgrunn i 1) korleis avtala er inngått og 2) måten lønnssystem er bygd opp på. Per november 2016 har 29,15 årsverk seniortillegg i Seljord kommune, som utgjer kr. 145 700. Administrasjonen blei beden om å undersøke nærare med KS om det er mogleg å fjerne seniortillegget m.a. med utgangspunkt i ein forhandlingsprotokoll som var underskriven i 2006.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 07.12.2016

AMU føreset at seniortillegget er gitt som eit lønspolitisk tillegg, og at tilsette si faste løn ikkje kan reduserast ved eit politisk vedtak. Dei tilsettes løn vert fastsett gjennom forhandlingar mellom partane og sikra gjennom lokale avtalar og/eller tariffavtalar.

AMU meiner vidare at den økonomiske innsparinga må gå føre seg gjennom prosessar og dialog med HTV og verneombod, jamfør kommunen sine retningsliner for omstilling og dialog. ROS analyse må ligge til grunn for endeleg vedtak.
Dette inneber at formannskapet sitt framlegg til kutt ikkje kan realiserast allereie i 2017.

Med grunnlag i kommunen sin økonomiske situasjon meiner AMU at kommunestyret bør prioritere kommunen sine primæroppgåver framfor nye tiltak som er utanfor kommunen sitt hovudansvarsområde.

Tiltak som er foreslått utanfor ramma bør heller prioriterast, til dømes auka leiarressurs i skulen, auka bemanning i heimetenesta, tiltak for betring av vikarsituasjon i barnehagane eller andre tiltak frå rådmannens framlegg til tiltaksliste, som det ikkje var rom for å innarbeide i budsjettramma.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Forslag frå AP, H og KrF v/ Trond Johnsen:

Verbalforslag:

Programområde 2 – Skule og oppvekst

1. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere å satse på Ungt Entreprenørskap i ungdomsskulen, og ber om å få ei sak tilbake i kommunestyret med ei grundigare vurdering.

Programområde 5 - Teknisk

2. Brannvesenet - Framskutt enhet:
   Krava til utstyr og kompetanse er i endring, brann og redningstenesta i kommunen må møte desse endringane til beste for innbyggerane og tilreisande. Eit eksempel på ei slik utfordring er Mælefjølltunellen. Den vil krevja mykje av den lokale redningstenesta, både når det gjeld utstyr og kompetanse. Det er difor viktig at den kommande ROS analyse for brannvesenet vert gjennomført på ein grundig måte.
   Brannmannskapa har i innspel til budsjett peika på behov for ein framskutt enhet, saka er omtala i tiltak rådmannen ikkje har funne rom for i budsjettet. Posisjonspartia meinar dette er eit godt innspel og ber difor rådmannen ta dette med seg inn i arbeidet med ROS analysa, med tanke på å få tiltaket inn i budsjettet for 2018.

   Opplæring:
   Brannvesenet er av og til fyrste ressurs på ei ulykke / hending. Det er difor viktig at mannskapet er godt trena og drilla på dei oppgåvene dei skal løyse. I dette ligg også fyrstehjelp.

Stiftinga Norsk Luftambulanse tilbyr brannvesen over heile landet eit opplegg som dei kallar "Mens du venter på Ambulansen " Dette er eit 2 dagers utvida fyrstehjelpskurs som gjev deltakerane kompetanse og utstyr til å håndtere pasientar til ambulanse er på staden. Kurset og utstyret er gratis, kommunen må "kaupe fri " mannskapet og stille med kurslokale. Luftambulansen syter også for oppfylgjing i 3 år.
Kommunestyret ber rådmannen syte for at brannvesenet kan gjennomføre dette opplegget i 2017.

3. Kommunestyret ber administrasjonen undersøke moglegheita for å lease ei feiemaskin ved å omdisponere den summen som ein i dag brukar til innkjøp av denne tenesta.

Driftsbudsjettet:

1. Av Innsparinga på 1% i 2017 vert kr 250.000 på PO1, kr 600.000 på PO3 og kr 250.000 på seniortillegg tatt ut som spesifikke sparetiltak.
   Nytt framlegg:
   Det forventast ei effektivisering på drifta av Seljord kommune på 1% i 2017 og at Rådmann ser på dei ulike avdelingar innom alle Programområde. Det å organisere drifta på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte er ei overordna målsetjing med mest mogleg produksjon av tenester og mindre administrasjon.

2. Vedlikehald kommunale vegar (kantslått) vidareførast med kr 100.000 i 2018, 2019, og 2020

Framlegg frå Ap. Krf. og H. v/ Pia Robertsen Groven:
Kommunestyret forutsetter at tilleggsbevilgninga til IT i skulen i hovudsak blir retta mot elevane.

Framlegg frå H., Ap. og Krf v/ Kristian Espeland:
Prosjektleiar (søkolog) kr 700 000 vert endra til eigendelar "søkolog – prosjekt" kr 700 000.

Framlegg frå Sp., V. og MDG:

Budsjettskjema 1A - Driftsskjema

	2017	2018	2019	2020
Skatt på inntekt og formue	**0,00**	**600 000,00**	**1 100 000,00**	**1 800 000,00**
(realvekst frå endra frå 0,33 til 0,67)				
Reduksjon i driftsutgifter				
Seniortillegg	200 000,00	250 000,00	250 000,00	250 000,00

PO1	250 000,00	250 000,00	250 000,00	250 000,00
PO3 (red. pleiefaktor)	600 000,00	1 200 000,00	1 800 000,00	2 500 000,00
SUM	**1 050 000,00**	**1 700 000,00**	**2 300 000,00**	**3 000 000,00**
Auka utgifter				
PO4 Bibliotek	150 000,00	600 000,00	600 000,00	600 000,00
PO2 Skule	350 000,00	350 000,00	350 000,00	350 000,00
PO4 Tilskot til lag og organisasjonar	200 000,00	0,00	0,00	0,00
PO4 Styrking næringsfond	300 000,00	400 000,00	400 000,00	400 000,00
(finanisering næringssjef)				
PO5 Vegvedlikehald	100 000,00	100 000,00	100 000,00	100 000,00
SUM	**1 000 000,00**	**1 350 000,00**	**1 350 000,00**	**1 350 000,00**
Mindre bruk ubundne avsetningar	**50 000,00**	**950 000,00**	**2 050 000,00**	**3 450 000,00**
	forsterking/mindre bruk av dispfond			**6 500 000,00**

Avrøysting:
Det vart røysta over framlegga frå H. Ap. og Krf og framlegget frå Sp., V. og MDG som to samla pakker.
Framlegga frå H., Ap. og Krf. vart vedteke med 13 mot 8 røyster.
Det vart ikkje stemnt over budsjettet samla, men formannskapet sitt samla budsjett vedtak vart lagt til grunn for dei endringane som vart vedteke og utgjer kommunen sitt budsjett for 2017 og for økonomiplanperioden 2018 - 2020.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Verbalforslag:

Programområde 2 – Skule og oppvekst

4. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere å satse på Ungt Entreprenørskap i ungdomsskulen, og ber om å få ei sak tilbake i kommunestyret med ei grundigare vurdering.

Programområde 5 - Teknisk

5. Brannvesenet - Framskutt enhet:

Krava til utstyr og kompetanse er i endring, brann og redningstenesta i kommunen må møte desse endringane til beste for innbyggerane og tilreisande. Eit eksempel på ei slik utfordring er Mælefjølltunellen. Den vil krevja mykje av den lokale redningstenesta, både når det gjeld utstyr og kompetanse. Det er difor viktig at den kommande ROS analyse for brannvesenet vert gjennomført på ein grundig måte.
Brannmannskapa har i innspel til budsjett peika på behov for ein framskutt enhet, saka er omtala i tiltak rådmannen ikkje har funne rom for i budsjettet. Posisjonspartia meinar dette er eit godt innspel og ber difor rådmannen ta dette med seg inn i arbeidet med ROS analysa, med tanke på å få tiltaket inn i budsjettet for 2018.

Opplæring:
Brannvesenet er av og til fyrste ressurs på ei ulykke / hending. Det er difor viktig at mannskapet er godt trena og drilla på dei oppgåvene dei skal løyse. I dette ligg også fyrstehjelp.
Stiftinga Norsk Luftambulanse tilbyr brannvesen over heile landet eit opplegg som dei kallar "Mens du venter på Ambulansen " Dette er eit 2 dagers utvida fyrstehjelpskurs som gjev deltakerane kompetanse og utstyr til å håndtere pasientar til ambulanse er på staden. Kurset og utstyret er gratis, kommunen må "kaupe fri " mannskapet og stille med kurslokale.
Luftambulansen syter også for oppfylgjing i 3 år.
Kommunestyret ber rådmannen syte for at brannvesenet kan gjennomføre dette opplegget i 2017.

6. Kommunestyret ber administrasjonen undersøke moglegheita for å lease ei feiemaskin ved å omdisponere den summen som ein i dag brukar til innkjøp av denne tenesta.

Driftsbudsjettet:

3. Av Innsparinga på 1% i 2017 vert kr 250.000 på PO1, kr 600.000 på PO3 og kr 250.000 på seniortillegg tatt ut som spesifikke sparetiltak.
   Nytt framlegg:
   Det forventast ei effektivisering på drifta av Seljord kommune på 1% i 2017 og at Rådmann ser på dei ulike avdelingar innom alle Programområde. Det å organisere drifta på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte er ei overordna målsetjing med mest mogleg produksjon av tenester og mindre administrasjon.

4. Vedlikehald kommunale vegar (kantslått) vidareførast med kr 100.000 i 2018, 2019, og 2020

PS 98/16 Høyringssvar Konepstvalgutredning E 134 Gvammen -Vågslid

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev fylgjande uttale til KVU for E134 Gvammen-Vågsli:

- Seljord kommune rår til at E134 mellom Gvammen og Vågsli byggjas ut i ein ny korridor – korridor nord. Grunngjevinga for dette er redusert reisetid, betre stigningstilhøve og at prosjektet vil vere eit stort bidrag til å gjøre E134 til eit effektivt hovudvegsamband mellom austlandet og vestlandet. Ein må leggje til grunn at arbeidet med KVU for arm til Bergen vert sett i gang så raskt som mogleg.
- For å få størst mogleg nytteverdi lokalt rår Seljord kommune til at det må sikras gode tilkoplingar til det øvrige vegnettet i prosjektområdet.
- Seljord kommune rår til at E134 vert tatt med i handsaminga av NTP 2018-2029, og at det vert sett i gang arbeid med kommunedelplan for heile området mellom Saggrenda/Kongsberg og Vågsli så raskt som mogleg. Grunngjevinga for dette er at det er av stor verdi og sjå heile strekninga i samanheng.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Framlegg frå H og Ap v/ Jon Svartdal

Seljord kommune går inn for korridor sør. Dette alternativet vil vera ein naturleg konsekvens av Mælefjelltunnellen, og vil vera den stuttaste vegen for den trafikken som skal gå mellom Vestlandet og Grenland/Europa, det bør vera av nasjonal interesse. Korridor sør kan byggast etappevis slik at ein får nytte av høgare vegstandard gradvis, og frå eit tidlegare tidspunkt. Tidsfaktoren er viktig. Denne måten å bygge på er også tilpassa eksisterande finansieringsmodell, dersom korridor nord skal byggast må der koma pengar til veg mykje raskare, og i mykje større målestokk enn tidlegare. Korridor sør vil vera til nytte for regional og lokal trafikk mellom eksisterande kommunesentra og for eksisterande næringsliv, og det vil ikkje korridor nord vera. Eksisterande næringsliv nær korridor sør vil etter alt å dømme få vesentleg tilbakegang dersom ein vel korridor nord. Noko slikt vil ikkje skje langs korridor nord dersom ein vel korridor sør. Ein kan ikkje rekne med knoppskyting langs korridor nord eller nokon annan stad som vil vega opp for eventuell tilbakegang langs korridor sør, fordi det manglar tyngdepunkt der som kan generere vekst. Å bevare livskraftig næringsliv er av nasjonal interesse. Korridor sør bind også saman eit heilskapleg nettverk av stamvegar, med Rv 41 og Rv 36, det bør vera av nasjonal interesse. Eit slikt nettverk blir mykje meir kronglete med korridor nord, særleg mot vest frå Rv 41.
KVU-en er i tillegg misvisande, fordi det er usynleg at det ved å velja korridor nord vil vera nødvendig å bygge ein relativt lang tunnell på ein del av strekninga Gvammen – Svartdal. Dersom ein skal gjera eit konseptval, bør ein også ha meir informasjon om nemnt opprusting av tilknyttingsvegar til korridor nord. Det burde vera med i konseptet, elles kan ein ikkje rekne med at det blir realisert, hovudtrasèen blir krevjande nok å finansiere. Dersom ein vel korridor nord, vil det truleg bli stopp på vesentlege vegutbyggingar langs med eksisterande trase, i påvente av bygging av korridor nord, og det vil truleg ta tid etter ei kostbar nybygging før det kjem noko særleg meir vegmidlar til området. Det vil vera dobbelt ille for eksisterande næringsliv i Vest-Telemark. Dersom korridor nord blir valt, må ein derfor starte med opprusting av eksisterande trase straks. Korridor sør gjev ei innsparing på 36 minutt i høve til dagens trase, korridor nord sparer inn 51 minutt, og er dermed 15 minutt raskare enn korridor sør. Desse 15 minutta er bare til fordel for gjennomgangstrafikken, og er etter Seljord kommune si meining ikkje nok til å konkurrere ut korridor sør. Desse argumenta er Seljord kommune sin grunn til å velja korridor sør som den beste løysinga.

Framlegg frå Sp. v/ Beate Marie Dahl Eide
Seljord kommune er klare på at "ny" E134 gjennom Vest Telemark må inn i NTP 2018-2029 som eit høgt priortera utbyggingsprosjekt på den viktigaste aust-vestforbindelsen.
Seljord kommune meiner at den utarbeida KVUen på strekninga er eit for spinkelt grunnlag til å ta endeleg stilling til trasèvalg.
Det må utarbeidast konsekvensanalyser for begge alternativa som visar verknaden av naturinngrep, for viktige kulturlandskapsområde, for viktige sidegreiner og lokale verknader for bosetting og næringsliv.

Seljord kommune går i mot bruk av statleg plan på strekninga, og viser mellom anna til at Seljord og Hjartdal kommuner har arbeidd effektivt med tidlegare reguleringar på E134.

Framlegget frå H. og Ap. med tillegget frå Sp. vart vedteke med 5 mot 2 røyster. V og ein representant frå H røysta for rådmannen sitt framlegg.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune går inn for korridor sør. Dette alternativet vil vera ein naturleg konsekvens av Mælefjelltunnellen, og vil vera den stuttaste vegen for den trafikken som skal gå mellom Vestlandet og Grenland/Europa, det bør vera av nasjonal interesse. Korridor sør kan byggast etappevis slik at ein får nytte av høgare vegstandard gradvis, og frå eit tidlegare tidspunkt. Tidsfaktoren er viktig. Denne måten å bygge på er også tilpassa eksisterande finansieringsmodell, dersom korridor nord skal byggast må der koma pengar til veg mykje raskare, og i mykje større målestokk enn tidlegare. Korridor sør vil vera til nytte for regional og lokal trafikk mellom eksisterande kommunesentra og for eksisterande næringsliv, og det vil ikkje korridor nord vera. Eksisterande næringsliv nær korridor sør vil etter alt å dømme få vesentleg tilbakegang dersom ein vel korridor nord. Noko slikt vil ikkje skje langs korridor nord dersom ein vel korridor sør. Ein kan ikkje rekne med knoppskyting langs korridor nord eller nokon annan stad som vil vega opp for eventuell tilbakegang langs korridor sør, fordi det manglar tyngdepunkt der som kan generere vekst. Å bevare livskraftig næringsliv er av nasjonal interesse. Korridor sør bind også saman eit heilskapleg nettverk av stamvegar, med Rv 41 og Rv 36, det bør vera av nasjonal interesse. Eit slikt nettverk blir mykje meir kronglete med korridor nord, særleg mot vest frå Rv 41.
KVU-en er i tillegg misvisande, fordi det er usynleg at det ved å velja korridor nord vil vera nødvendig å bygge ein relativt lang tunnell på ein del av strekninga Gvammen – Svartdal. Dersom ein skal gjera eit konseptval, bør ein også ha meir informasjon om nemnt opprusting av tilknyttingsvegar til korridor nord. Det burde vera med i konseptet, elles kan ein ikkje rekne med at det blir realisert, hovudtrasèen blir krevjande nok å finansiere. Dersom ein vel korridor nord, vil det truleg bli stopp på vesentlege vegutbyggingar langs med eksisterande trase, i påvente av bygging av korridor nord, og det vil truleg ta tid etter ei kostbar nybygging før det kjem noko særleg meir vegmidlar til området. Det vil vera dobbelt ille for eksisterande næringsliv i Vest-Telemark. Dersom korridor nord blir valt, må ein derfor starte med opprusting av eksisterande trase straks. Korridor sør gjev ei innsparing på 36 minutt i høve til dagens trase, korridor nord sparer inn 51 minutt, og er dermed 15 minutt raskare enn korridor sør. Desse 15 minutta er bare til fordel for gjennomgangstrafikken, og er etter Seljord kommune si meining ikkje nok til å konkurrere ut korridor sør. Desse argumenta er Seljord kommune sin grunn til å velja korridor sør som den beste løysinga.

Seljord kommune er klare på at "ny" E134 gjennom Vest Telemark må inn i NTP 2018-2029 som eit høgt priortera utbyggingsprosjekt på den viktigaste aust-vestforbindelsen. Seljord kommune meiner at den utarbeida KVUen på strekninga er eit for spinkelt grunnlag til å ta endeleg stilling til trasèvalg.
Det må utarbeidast konsekvensanalyser for begge alternativa som visar verknaden av naturinngrep, for viktige kulturlandskapsområde, for viktige sidegreiner og lokale verknader for bosetting og næringsliv.

Seljord kommune går i mot bruk av statleg plan på strekninga, og viser mellom anna til at Seljord og Hjartdal kommuner har arbeidd effektivt med tidlegare reguleringar på E134.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå Ap. og H. v/ Jon Svartdal
Høyringssvar frå Seljord kommune til KVU for E 134 Gvammen - Vågslid

Seljord kommune er klare på at "ny" E134 gjennom Vest Telemark må inn i NTP 2018-2029 som eit høgt prioritera utbyggingsprosjekt på den viktigaste aust-vestforbindelsen.
Seljord kommune meiner at den utarbeida KVU-en på strekninga er eit for dårleg grunnlag til å ta endeleg stilling til trasèval. Det må utarbeidast konsekvensanalyser for begge alternativa som visar verknaden av naturinngrep, for viktige kulturlandskapsområde, for viktige sidegreiner og lokale verknader for busetting og næringsliv.
Ut i frå den situasjonen som er kjent nå vil Seljord kommune anbefale korridor sør. Dette alternativet er også ein naturleg konsekvens av Mælefjelltunnellen, og vil vera den stuttaste vegen for den trafikken som går mellom Vestlandet og Grenland/Vestfold. Korridor sør kan byggast etappevis slik at ein får nytte av høgare vegstandard gradvis, og på eit tidlegare tidspunkt.
Korridor sør vil ha vesentleg større nytte for regional og lokal trafikk mellom eksisterande kommunesentra og for eksisterande næringsliv. Eksisterande næringsliv nær korridor sør vil få store utfordringar dersom ein vel korridor nord. Korridor sør er meir tenleg med tanke på tilknytning til andre stamvegar som Rv 41 og Rv 36.
KVU-en er også mangelfull fordi den ikkje har vurdert strekninga Gvammen – Svartdal i tilknytning til korridor nord. Her vil det vera nødvendig å bygge ein relativt lang tunnel på ein del av strekninga.
Korridor sør gjev ei innsparing på 36 minutt i høve til dagens trase, korridor nord sparer inn 51 minutt, og er dermed 15 minutt raskare enn korridor sør. Desse 15 minutta er bare til fordel for gjennomgangstrafikken.
Desse argumenta er Seljord kommune sin grunn til å anbefale korridor sør.
Seljord kommune meiner at det må settast i gang ei KVU-utgreiing på arm til Bergen snarast råd.
Seljord kommune går i mot bruk av statleg plan på strekninga, og viser mellom anna til at Seljord og Hjartdal kommunar har arbeidd effektivt med tidlegare reguleringar på E134.

Framlegg frå MDG v/ Peter Fjågesund
Av naturinngrep i fyrste avsnitt vert endra til for natur og miljø.

Framlegg frå Krf v/ Kristian Espeland
Nytt fjerde kulepunkt i tillegg til framlegg frå rådmannen

- Seljord kommune vil peike på at detaljplanlegging av korridor nord må ta særleg omsyn til kulturlandskap, busetningsmønster og naturmangfald som det vert peike på ved traseval nord.

Framlegget frå Ap og H med endringa frå MDG vart vedteke med 16 røyster
Rådmannen sitt framlegg med tillegget frå Krf fekk 5 røyster.
V., Frp., Krf og ein av representantane frå Sp og H røysta for rådmannen sitt framlegg med tillegget frå Krf.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Høyringssvar frå Seljord kommune til KVU for E 134 Gvammen - Vågslid

Seljord kommune er klare på at "ny" E134 gjennom Vest Telemark må inn i NTP 2018-2029 som eit høgt prioritera utbyggingsprosjekt på den viktigaste aust-vestforbindelsen.
Seljord kommune meiner at den utarbeida KVU-en på strekninga er eit for dårleg grunnlag til å ta endeleg stilling til trasèval. Det må utarbeidast konsekvensanalyser for begge alternativa som visar verknaden for natur og miljø, for viktige

kulturlandskapsområde, for viktige sidegreiner og lokale verknader for busetting og næringsliv.
Ut i frå den situasjonen som er kjent nå vil Seljord kommune anbefale korridor sør. Dette alternativet er også ein naturleg konsekvens av Mælefjelltunnellen, og vil vera den stuttaste vegen for den trafikken som går mellom Vestlandet og Grenland/Vestfold. Korridor sør kan byggast etappevis slik at ein får nytte av høgare vegstandard gradvis, og på eit tidlegare tidspunkt.
Korridor sør vil ha vesentleg større nytte for regional og lokal trafikk mellom eksisterande kommunesentra og for eksisterande næringsliv. Eksisterande næringsliv nær korridor sør vil få store utfordringar dersom ein vel korridor nord. Korridor sør er meir tenleg med tanke på tilknytning til andre stamvegar som Rv 41 og Rv 36.
KVU-en er også mangelfull fordi den ikkje har vurdert strekninga Gvammen – Svartdal i tilknytning til korridor nord. Her vil det vera nødvendig å bygge ein relativt lang tunnel på ein del av strekninga.
Korridor sør gjev ei innsparing på 36 minutt i høve til dagens trase, korridor nord sparer inn 51 minutt, og er dermed 15 minutt raskare enn korridor sør. Desse 15 minutta er bare til fordel for gjennomgangstrafikken.
Desse argumenta er Seljord kommune sin grunn til å anbefale korridor sør.
Seljord kommune meiner at det må settast i gang ei KVU-utgreiing på arm til Bergen snarast råd.
Seljord kommune går i mot bruk av statleg plan på strekninga, og viser mellom anna til at Seljord og Hjartdal kommunar har arbeidd effektivt med tidlegare reguleringar på E134.

PS 99/16 Forliksråd 2017 - 2020, val av nytt medlem

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Valnemnd - 11.11.2016

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnd - 11.11.2016

Inger Marie Espeland vert valt som nytt medlem i Forliksrådet.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen (Valnemnda)sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Inger Marie Espeland vert valt som nytt medlem i Forliksrådet.

PS 100/16 Møtefullmektig i forliksrådet, val for perioden 2017 - 2020

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår valnemnda til å legge fram forslag på minimum tre møtefullmektigar til forliksrådet.

Handsaming i Valnemnd - 11.11.2016

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnd - 11.11.2016

Valde som møtefullmektig for Forliksrådet i perioden 2013 - 2017:

- Trond Johnsen
- Jorunn Andrea Hegni
- Kari Gro Espeland

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Valde som møtefullmektig for Forliksrådet i perioden 2013 - 2017:

- Trond Johnsen
- Jorunn Andrea Hegni
- Kari Gro Espeland

PS 101/16 Møteplan for formannskap og kommunestyre 2017

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek møteplan for kommunestyret i 2017 slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 03.11.2016

Saka vart utsett til neste møte i formannskapet.

Samrøystes vedteke med 6 røyster.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 03.11.2016

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Formannskap	Kommunestyre
12. januar	9. februar
2. mars	30. mars

20. april	
11. mai med politiråd	18. mai
8. juni	15. juni – strategimøte
24. august med politiråd	14. september
28. september	
26. oktober	9. november
16. november med politiråd	
28. og 30. november – budsjettmøte	14. desember – budsjettmøte (dagmøte)

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Formannskap	Kommunestyre
12. januar	9. februar
2. mars	30. mars
20. april	
11. mai med politiråd	18. mai
8. juni	15. juni – strategimøte
24. august med politiråd	14. september
28. september	
26. oktober	9. november
16. november med politiråd	
28. og 30. november – budsjettmøte	14. desember – budsjettmøte (dagmøte)

PS 102/16 Delegasjonsreglement - fullmakt til sal av tilleggsareal

Rådmannen si tilråding:

Plan, miljø og teknisk utval får mynde til å handsame søknader om tilleggsareal som har ein øvre storleik på 500 kvm og som terrengmessig naturleg kan leggjast til søkjar sin eigedom. Fullmakta skal gå fram av delegasjonsreglementet for Seljord kommune punkt 2.6.2.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Plan, miljø og teknisk utval får mynde til å handsame søknader om tilleggsareal som har ein øvre storleik på 500 kvm og som terrengmessig naturleg kan leggjast til søkjar sin eigedom. Fullmakta skal gå fram av delegasjonsreglementet for Seljord kommune punkt 2.6.2.

PS 103/16 Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim - Omprioritering av tiltaksliste Gvammen-Århus

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår Kommunestyret å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune sluttar seg til omprioritert liste over tiltak langs E134 Gvammen/Århus, Opplevingsvegen om Nutheim, slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016

Seljord kommune sluttar seg til omprioritert liste over tiltak langs E134 Gvammen/Århus, Opplevingsvegen om Nutheim, slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune sluttar seg til omprioritert liste over tiltak langs E134 Gvammen/Århus, Opplevingsvegen om Nutheim, slik den fylgjer vedlagt denne saka.

PS 104/16 Fv 503 Nye Dyrland bru - detaljregulering - slutthandsaming

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår plan, miljø og teknisk utval til å fatte fylgjande vedtak:
Plan, miljø og teknisk utval rår kommunestyret til å vedta detaljreguleringsplanfor Fv503-nye Dyrland bru jf. PBL§.12-12

Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016

Plan, miljø og teknisk utval rår kommunestyret til å vedta detaljreguleringsplan for Fv503-nye Dyrland bru jf. PBL§.12-12

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Plan, miljø og teknisk utval rår kommunestyret til å vedta detaljreguleringsplanfor Fv503-nye Dyrland bru jf. PBL§.12-12

PS 105/16 NVE - Høyring - Regulering av Seljordsvatnet - Sundsbarmreguleringen

Rådmannen si tilråding:

1. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
2. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
3. Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
4. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
5. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016

6. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
7. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
8. Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
9. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
10. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og

Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

11. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
12. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
13. Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
14. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
15. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

PS 106/16 125/60 - Åmotsdalsvegen 1305 - Sal av kommunal bustadeigedom

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å gjer fylgjande vedtak:
Rådmannen får deleger mynde til å forhandle fram og inngå kjøpekontrakt for eigedomen gnr. 125, bnr. 6o i Åmotsdal. Vedtaket vert grunngjeve med at dette vil forenkle overtakingsprosessen. Når salet er gjennomført vil salssummen bli satt inn på ubunde investeringsfond.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen får deleger mynde til å forhandle fram og inngå kjøpekontrakt for eigedomen gnr. 125, bnr. 6o i Åmotsdal. Vedtaket vert grunngjeve med at dette vil forenkle overtakingsprosessen. Når salet er gjennomført vil salssummen bli satt inn på ubunde investeringsfond.

PS 107/16 Selskapsavtale for Vest-Telemark pedagogisk-psykologisk tenesste IKS

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Seljord kommune godkjenner selskapsavtale for Vest-Telemark PPT IKS slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 03.11.2016

Samrøystes vedteke med 6 røyster

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 03.11.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune godkjenner selskapsavtale for Vest-Telemark PPT IKS slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Seljord kommune godkjenner selskapsavtale for Vest-Telemark PPT IKS slik den ligg føre.

PS 108/16 Finansforvaltninga - Rapportering, kontroll og risikovurderingar

Rådmannen si tilråding:

- Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande.
- Posten for avdragsutgifter i driftsbudsjettet vert redusert med kr 455.000 til kr 7.732.000 og posten for avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

- Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande.
- Posten for avdragsutgifter i driftsbudsjettet vert redusert med kr 455.000 til kr 7.732.000 og posten for avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.

PS 109/16 Offentleg støtte - tildeling frå Seljord kommune

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret ber om ei vurdering av regelverk ved offentleg støtte i saker om tilskott gjeve frå kommunen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Kommunestyret ber om ei vurdering av regelverk ved offentleg støtte i saker om tilskott gjeve frå kommunen.

PS 110/16 Val av setteordførar

Rådmannen si tilråding:

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Framlegg frå AP v/Halfdan Haugan
Hanne Nordgård vert vald som setteordførar i 5, 2017

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Hanne Nordgård vert vald som setteordførar i 5, 2017